
Saksnr: 2020/71729-1
Saksbehandlar: Endre Korsøen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		05.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

Marin satsing 2020 -2030 - Lønnsam og berekraftig sjømat

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune tek leiinga i utvikling av eit tiårig program som skal sikre ei berekraftig utvikling av sjømatnæringane i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ynskjer med dette programmet å utvikle og styre eit større tal prosjekt saman med sjømatprodusentane, kommunane og statlege forvaltingsorgan. Fylkesutvalet ber særskilt om at problemstillingar knytt til arealformål og kompetanseutvikling knytt til arealutvikling i kommunane til næringsformål i sjø vert prioritert.
3. Fylkesutvalet stør vidare arbeid med programmet, og ber om at det vert arbeid med å finne varig finansiering for satsinga.

Samandrag

«Den store omstillinga» frå produksjon og sal av fossilt brensel krev satsing på andre område, eit av desse er ei strategisk utvikling av marine næringar. Fylkeskommunen lanserer med dette eit program over ti år som skal gi næringa vilkår til å vekse for å ta ein slik posisjon. Viktige samarbeidspartnarar vert kommunar og næringsaktørane.

Eit kortsiktig mål vil vere å arbeide for at havbruksnæringa kan oppnå vilkår som bidreg til at areala i Vestland til akvakultur vert definert som innafor «grøn sektor» i regjeringa sitt trafikklyssystem for produksjon.

Programmet vil bli forankra i «Regional plan for næringsutvikling og innovasjon», men er førebels nemnt i handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling, og i Marin tiltaksplan 2020.

Programmet tek sikte på å femne om eit større tal prosjekt og tiltak, noko som gjer det utfordrande å berekne økonomisk omfang.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Skisse til etablering av program

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring har i sak 22/2020 Marin tiltaksplan 2020 fatta følgjande vedtak:

Hovudutvalet ber fylkesdirektøren, med utgangspunkt i utfordringane i havbruksnæringane med alle anlegg i «raud og gul» sone i Vestland, med påfølgande produksjonsavgrensingar i havbruksnæringa, å kome tilbake med ei sak til ei større satsing i marin sektor frå 2021.

Med denne bakgrunnen vart det våren 2020 sett saman ei intern arbeidsgruppe med ein person frå relevante fagavdeling i fylkeskommunen. Hovudmålet til gruppa var koordinering mellom enkeltavdelingar om mål og strategiar på eit vidt område, til dømes mot plan og arealforvaltning. Skal ein lukkast vil det krevje medverknad frå mange partar, både i og utanfor fylkeskommunen. For å lage eit opplegg som er gjennomarbeidd og som kan ta opp i seg eksterne aktørar, må vi sikre intern og ekstern samordning.

Gruppa har teke stilling til følgjande:

- Målsettingar med satsinga, kva skal vi ha gjort?
- Organisering, både interne og eksterne partar. Leiing og struktur.
- Gitt eit økonomisk omfang, samordning med politiske prosessar, særleg budsjett og økonomiplan. Fullmakter og delegeringar.

Det er viktig at prosjektet frigjer seg frå dei reint fylkeskommunale rammene i sitt arbeid, men hovudoppgåva til denne gruppa var å klarlegge korleis vi som fylkeskommune nærmar oss problemstillinga, og kva vi som fylkeskommune, saman med kommunar og næringa, har mynde til å påverke og endre.

1. Ei 10-årig satsing.

a. Kvifor sak

Vestlandet er den viktigaste eksportregionen i landet, med om lag 39% av den samla eksporten. Ein stor del av dette, 64% gjeld sektoren olje og gass og prosessindustrien. Kombinasjonen av koronapandemi og usemje i OPEC, med fallande oljepris, medfører svært store utfordringar for næringslivet. Koronapandemien har ført til historisk lågt forbruk av fossile brensel, og med den lågaste oljeprisen på minst 15 år, gir dette eit særleg mørkt framtidsbilette for næringsliv som er direkte og indirekte påverka. Også anna eksportnæring opplever store utfordringar. Vestlandet har til dømes ein svært stor del utanlandske reisande som i alle fall på kort sikt er fråverande. Dei langsiktige verknadene vil for mange verksemdar vere alvorlege.

Vestlandsmeldingen 2020, presentert på Vestlandskonferansen i mars 2020, peika på fire næringar kan medverke til auka aktivitet, særleg på eksportområdet. Dette var sjømat, maritim, prosessindustri og fornybar.

Når Vestland fylkeskommune og avdeling for innovasjon og næring starta opp 1.januar, har fylkesdirektøren med bakgrunn i dette, samstundes arbeidd å skape ein ny modell for samarbeid på tvers og samhandling i avdelinga, og har valt området marine næringar som fagområde i dette arbeidet. Bakgrunnen for det er tydelege og store utfordringar med tanke på å nå produksjonsmåla for oppdrettsnæringa nedfelt i regjeringa sin marine strategi, og no seinast med trafikklyssystemet i havbruksnæringa som reduserer produksjonsvolumet i vårt fylke

Intern arbeidstittel på satsinga var «frå raud sone til grøn sone». Vi ser samstundes at havbruk åleine er for smalt, og har difor i andre dokument brukt omgrepet «Lønsam og berekraftig sjømat». Dette inkluderer også fiskeria, der fylkeskommunen frå årsskiftet fekk eit nytt formelt oppgåveområde med ansvar for fiskerihamner.

Samstundes utfordrar ei slik satsing fylkeskommunen på mange område, arealplanlegging i sjø, relevante utdanningar for marin næring med relevante bygg og undervisningsopplegg, fiskerihamner, m.m. Det er ei rekke initiativ som bør koordinerast, både i offentleg og privat sektor. Difor er «porteføljestyring» lagt inn som eit styringsprinsipp for ei slik samordna satsing.

Ei marin satsing vil krevje ressursar og prioritet og frå Vestland fylkeskommune si side.

b. Mål for ønska utvikling i sjømatnæringa

Marin sektor er sentral for verdiskapinga og samfunnsutviklinga i mange små og store lokalsamfunn i Vestland. Med ei styrka marin satsing vil fylket og kommunane ha betre moglegheit for utvikling av næringa, forvaltninga av tenester og areal.

Samfunns mål:

- Auke verdiskapinga og tal arbeidsplassar i sjømatnæringane .
- Aktive kystsamfunn med attraktive arbeidsplassar

Effektmål:

- Aktivitet og arbeidsplassar som gjer at marin sektor skapar nye arbeidsplassar i heile fylket, arbeidsplassar som passar ei gjennomsnittleg høgt utdanna befolkning.
- Endå større aktivitet i marin sektor vil få verknader for ei rad leverandørnæringar, særleg i maritime næringar, men også innsatsvarer og FoU.

Delmål:

- Legge til rette areal for vidare vekst i sjømatnæringa. Bidra til ny kunnskap som kan nyttast i marin planlegging. Samarbeid med kommunane for samla auka kunnskap knytt til tilrettelegging av areal for næring i sjø.
- Flytting av miljøpåverknaden i havbruksnæringa frå raud til grøn sektor i regjeringa sitt trafikklyssystem. Oppnå at regjeringa sine mål om fem dobling av produksjonen i havbruksnæringa lar seg gjennomføre på ein berekraftig måte.
- Sikre berekraft og høg miljøstandard i fiskeria i Vestland ved legge til rette for at næringa kan vidareutvikle verdsleiarande teknologi. Næringa ynskjer å utvikle eit berekraftig fiskeri med verdsleiarande teknologi og høg miljøstandard ved å utvikle kapasitet på fangstmetodar som aukar berekrafta, utvikle ny teknologi, utvikle nye fangstmetodar.
- Saman med næringa bidra til god tilgang på kompetent arbeidskraft gjennom sikring av god kompetanse og rekruttering til næringa.

c. Hovudutfordringar dei neste åra

- Mange av dei store utfordringane (t.d. knytt til endringar i klima, sjukdom og smittespreiing, oppdrettsfisk kontra villfisk) for havbruksnæringa framover er knytt til regionar i større grad enn til enkeltkommunar.
- Miljø og utviklingsspørsmål innan lakseoppdrett er stadig meir komplekse. Mange lokalsamfunn og kommunar vil difor ha nytte av regional samordning og fylkeskommunal støtte.

Dette taler for ei marin satsing med eit marint partnerskap der kommunar, øvrig forvaltning, kunnskapsmiljøa og næringa deltar. Ei marin satsing til styrking av forvaltning og utvikling av næringa vil kunne gje verts kommunane til oppdrettsanlegga ballast til å møte desse utfordringane.

I fiskeria er det meir samansett, men også her finst utfordringar knytt til kvoter, hamneutbygging, miljø.

Det er føresett at satsinga først og fremst ser på tiltak som ikkje er ein del av den daglege drifta i fylkeskommunen eller partnerane, men som har ein ekstraordinær karakter. Det må likevel finnast aksept for at der er tangeringspunkt.

d. Strategiar

Fylkeskommunen ein viktig samfunnsutviklar og skal ta det samlande ansvar for å definere strategiar for ønska utvikling. Det vil seie at vi må syte for å kjenne utfordringane i regionen, og kommunane og næringslivet sine behov. Demokratisk forankring og folkevald styring er kjerneelement i denne rolla. Rolla krev at fylkeskommunen tek initiativ for å møte utfordringar og behov og ser utfordringane i samanheng. Denne marine satsinga vil styrke samfunnsutviklar rolla.

Strategiar for denne satsinga vil verte utarbeid saman med dei relevante kommunane i Vestland, næringsdrivande og forskings- og utdanningsaktørane.

Marinenæringar er av stor interesse og er viktig for Vestland. Det er store forventingar til medverknad frå alle partane for å utvikle næringa.

Vestland treng å få på plass ein heilskapleg regional politikk innan marin sektor

- for å fanga opp dei regionale særtrekka i Vestland,
- som har aksept og er truverdig hjå næringa og
- som kommunane ser seg tent med og som samsvarer med deira mål, og
- som legg til rette for berekraftig vekst.

Det regionale folkevalde nivå har sin spisskompetanse nettopp på desse områda. Regionale politikarar har tett kontakt med kommunane og næringa og kjenner fylket. Fylkestinget har lang røynsle med å utforme ein regional politikk i nært samarbeid med næringsliv og andre offentlege etatar og mynde.

Marin sektor må gjennom ein enorm omstilling dei neste åra, dersom ein skal nå Regjeringa si målsetjing om auking av aktiviteten fram mot 2050. Dette inneber koordinering av ei rekkje sektorar, både i offentlig og privat sektor. Program for "Lønsam og berekraftig sjømat" skal sikre tilstrekkeleg koordinering, ressursutnytting og gevinstuttak for å imøtekomme utfordringane.

e. Organisering

Fylkesutvalet vedtek mandat og organisering.

Fylkesrådmannen eig programmet. Dersom dette er ei namngitt satsing i til dømes ein regional plan, vil det vere ansvarleg planorgan som er programeigar, fylkesutvalet.

Sidan dette er ei tverrsektoriell satsing, er det rimeleg å tru at programansvarleg er lik programeigar, nemleg fylkesrådmannen. Det er logisk at han delegerer dette til den avdelinga som er mest involvert, i dette tilfellet avdeling for innovasjon og næring.

Styringsgruppa/programstyret er ansvarleg for fiasko eller suksess i programmet, skal gi rettleiing og støtte til programleiing, skaffe ressursar. Forankre programmet i eigen organisasjon, om det er ei avdeling i fylkeskommunen eller ein partner. Sikre effektive avgjerder og god kommunikasjon med omverda.

Programstyret skal også vurdere effekten av dei ulike prosjekta i programmet. Programansvarleg leiar programstyret.

For ytterlegare detaljar vert det vist til vedlagt skisse til program for utvikling av marin næring.

f. Tiltak (delprosjekt)

Prioritering av tiltak og prosjektaktivitetar vil verte utvikla seinare i arbeidet, i dialog med kommunar og næringsaktørar. Men moglege område for den marine satsinga bør etter fylkesrådmannen si meining vere:

- Samarbeid med kommunane eller grupper av kommunar om forvaltingsplanar for akvakultur. Det kan nyttast dei moglegeheitene som ligg i Plan- og bygningslov til plansamarbeid mellom grupper av kommunar. Døme er lokal utvikling av planar, utvikling av avgjerdsstøttesystem, etablering av kartinformasjon, tiltak og evaluering knytt til laksefjordar.
- Samarbeid med næringa for å stimulere til kunnskapsutvikling som sikrar høgare presisjon for lokalisering av akvakulturverksemda. Dette skal bidra til å redusere problem knytt til sjukdom i laksenæringa. Slike studiar bør nyttast til å utvikle lokale tilpassingar knytt til dei særskilte regionale utfordringane som finst i Vestland.
- Betring av forvaltninga av sjømatnæringane gjennom utvida samarbeid med regionalstat/fylkesmann innan for heile sjømatsektoren. Innafor akvakulturforvaltninga har fylkeskommunen eit forskriftsfesta samordnings- og koordineringsansvar som fungerer godt, og denne kan utvidast.
- Tiltak til å styrkje utdanningstilbodet og til rekruttering til marin sektor. Næringa har i dag utfordringar knytt til å rekruttere tilstrekkeleg med kvalifisert personell.

- Støtte til utviklingsprosjekt for å styrke berekraft og for å sikre næringa variasjon og fleire «bein å stå på» i framtida. Døme er produksjonsvekst innan fleire artar og bidrag til å løyse miljøutfordringar.
- Utvikle ein best mogleg regional forvaltning av akvakulturnæringa, samt samarbeid med næringa. Brei og godt forankra medverking i alle fasar av planarbeid og sikring av gode prosessar. Bruk av best mogleg avgjerdsstøttesystem
- Teknologitvutvikling, sikre utvikling av teknologi som møter utfordringane med utslepp, lus og rømming, miljøutfordringar i fiskeria Dette krev forskning, testing og utvikling/prosjektering.

Plan for marin satsing må skje i eit nært samarbeid mellom dei aktuelle kommunane Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Kystverket, Fylkesmannen og næringa.

Det er ikkje realistisk å ha like høgt trykk på alle arbeidsområde, og ein rår hausten 2020 til å prioritere slik:

1. Areal til havbruk. Samarbeide med kommunane for å sikre at det planleggast eigna og tilstrekkelege område for akvakultur i arealplanar. Det er kommunane som er ansvarleg og er lokal mynde på arealsida. Det skal startast opp eit arbeid med å auke kunnskapen deira om akvakultur generelt, og særskilt fylkeskommunen sine oppgåver og ansvar for tildeling av løyve og lokalitetar etter Akvakulturlova, og ansvar for å ivareta akvakulturinteressene i arealplanar. Dette vil bli gjort ved å besøke kommunane med eit mini-seminar om emnet.
2. Rekruttering og kompetanse (inkl. FoU) i fiskeri og havbruk. Skal næringane generere arbeidsplassar, må kandidatane rustast til å levere produktiv innsats.
3. Rammevilkår for næringa. Arbeid med regelverksendringar - og utvikling som er tilpassa utviklingsaktørar frå Vestland.

Det er mange interessentar i sjøområda, og dei må involverast for å få eit godt samspel i programmet, og for å bidra til å løyse dei planlagde endringane på best muleg måte. Eksterne partar:

- Fiskeridirektoratet
- Mattilsynet
- Kystverket
- Fylkesmannen
- Kommunane
- Høgskule og universitet
- Forskingsinstitutt
- Norges Forskningsråd
- Nærings- og fiskeridepartementet
- NCE Seafood Innovation
- Vest-Norges Brusselkontor, ERRIN Blue Growth

(lista er ikkje komplett, og må utviklast undervegs)

- **Interne, fylkeskommunale partar:**
- Fylkeskommunen, forvaltar av havbruksressursar
- Fylkeskommunen, utdanning
- Fylkeskommunen, samfunnsutviklar, forskning og utvikling
- Fylkeskommunen, planstaben
- Fylkeskommunen, bygg og eigedom: Skulebygg og fiskerihamner

(lista er ikkje komplett, og må utviklast undervegs)

g. Økonomiske og politiske ressursar

Det er i denne fasen av arbeidet sjølvstgt stor usikkerheit knytt til budsjett for denne satsinga.

Budsjettarbeidet til finasutvalet hausten 2020 medfører tydelege prioriteringar. Ein skal samstundes halde på utviklingsperspektivet knytt til kva skal vestlendingen leve av i åra som kjem, og der det er over i saka er belyst kva ambisjonar det er knytt til verdiskaping og matproduksjon frå havet.

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å finne varig finansiering som stør satsinga. Det er samstundes eit mål at satsinga/programmet har eit mykje høgare samla økonomisk innsats enn det Vestland fylkeskommune kan medverke med:

- Statlege styresmakter bør bidra, og målet må vere at det blir løyvd pengar over statsbudsjettet gjennom nærings- og fiskeridepartementet, seinast frå 2022.
- Prosjektfinansiering vil skje gjennom både arbeidsinnsats frå deltakarane og finansiering frå prosjektdeltakarar. Særleg gjeld dette næringsliv, men det kan tenkjast prosjekt finansierte av forskingsrådet og regionalt forskingsfond, Innovasjon Norge og private stiftingar
- Ved etablering av programmet treng det tilsettast/innleigast ein programleiar i 100 % stilling, som ikkje er del av det ordinære arbeidet i organisasjonen. Innan for ei årleg ramme på 1,5 mill. kr., som skal gå til lønn, og andre kostnader) kan programmet vera på plass.
- Fordi dette er eit program med mange prosjekt er det økonomien i kvart prosjekt som definerer den samla økonomien i programmet. Dette vil avgjerast av mengd gode prosjekt, og korleis dei kan finansierast. Erfaringsmessig vil gode prosjekt vera interessant for næringa å delta i med finansiering i.

2. Prosjektplan for programmet/satsinga, omhandlar dei fleste punkta over. Difor viktig å ta stilling.

PwC har hjulpet fylkeskommunen med å utarbeide ei skisse til eit program for utvikling av marin næring.

Oppdraget er kort oppsummert gjennomført i følgjande steg:

1. Utarbeide disposisjon til programstruktur i Vestland fylkeskommune
2. Identifisere innhald, mål og visjon for programmet
3. Få innspel frå fylkeskommunen på administrativ og politisk tilnærming til programmet
4. Oppdatere skisse og definere programorganisasjon, plan for kvalitets- og risikostyring, samt gevinstrealisering
5. Involvere fagressursar etter avtale
6. Etablere program

Detaljane i dette er å finne som vedlegg til denne saka.

Med bakgrunn i denne skissa ber Fylkesrådmannen om tilslutning frå hovudutval for næring og fylkesutvalet til vidare arbeid med etablering av eit program for marin satsing i Vestland.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtaksmynde

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med å finne varig finansiering som stør satsinga. Det er samstundes eit mål at satsinga/programmet har eit mykje høgare samla økonomisk innsats enn det Vestland fylkeskommune kan medverke med. Her vi vi søke finansiering og frå andre partnarar.

Klima:

Store deler av aktiviteten innan marin sektor er i ein eller anna form knytt opp mot å bidra til å vidareutvikle ei meir økologisk berekraftig næring. Aktivitetar innan arealbruk, grøn verdiskaping og kunnskapsbasert akvakulturforvaltning vil alle kunne bidra til det grønne skiftet.

Folkehelse:

Å bidra til å sikre verdiskaping og arbeidsplassar i lokalsamfunn som har fiskeri og oppdrett som viktig næring, bidreg og til livskraftige bygder og god helse.

Regional planstrategi:

Det vert laga ein ny næringsplan, basert på føringar frå regional planstrategi.

Konklusjon

Framlegg til skisse for program for marin satsing er utarbeidd i avdeling for innovasjon og næringsutvikling med deltaking frå tilsette i fleire avdelingar. Ei marin satsing skal bidra til å prioritere og samordne fylkeskommunen sin aktivitet på tvers av seksjonar og avdelingar og med andre relevante partnarar. I samarbeid med partnarar sørge for at ein lukkast med ei omstilling av marin sektor, der ein skal femdoble aktiviteten fram mot 2050 og skape aktive kystsamfunn med attraktive studie- og arbeidsplassar i marin næring.